



Haugland-kvartett som slett ikkje er samde i at vegen oppover frå krysset dei står i bør heita Muslandsvegen. Den bør heita Hauglandsvegen meiner, Arne Terje, Edith, Trygve og Arne Johannes. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Oppsittarar på Haugland reagerer på at den kommunale stadnamnemnda vil døypa vegen mellom Haugland-krysset og Fjellandsbø til Muslandsvegen. Dei meiner at namnet Hauglandsvegen er langt naturlegare og dessutan meir historisk og geografisk korrekt.

- Det er ikkje naturleg å kalla denne vegen for Muslandvegen ettersom berre ein liten del av den går forbi Musland-gardane. Den omfattar i langt større grad eit område som heiter Haugland. Den gamle Haugland skulekrins rokk heilt frå bruene sør for Haugland-krysset og til Smuttaledet, som ligg ein god bit ovanfor Haugland gamle skule. Først der starta Musland-krinsen. Haugland omfattar så mange som 14-15 bruk nedafor Musland, seier ein Haugland-kvartett til uskedalen.no. Arne Terje, Trygve, Arne Johannes og Edith Haugland vonar det ikkje er for seint å justera det føreslegne namnet.

Det er den kommunale nemnda som etter å ha innhenta vegnamn frå organisasjonar i fleire bygder har kome med forslag til vegnamn. Forslaga skal til slutt opp til godkjenning i forvaltningskomiteen og fram til 10. april blir det høve til å koma med kommentarar eller innspel til namneforslaga. Mykje tyder på at det kjem eit slikt innspel frå Haugland-folket.

To av dei tre forslaga som nemnda har fremma for Uskedalen er ikkje kontroversielle:

- Vegen som til ved riksvegen og går over Kjærland fram til vegkrysset på Haugland, får namnet Kjærlandsvegen.
- Vegen som tar til ved riksvegen og går over Fet og Døssland fram til vegkrysset på Haugland, får namnet Døsslandsvegen.

Av Ola Matti Mathisen